

Utviklingsprogram for byregioner - Fase 2: Rapportering pr. 15.02.2016

Stordregionen

Beskrive eventuelle organisatoriske endringer i forhold til prosjektplanen

Det er ikkje gjort større organisatoriske endringar i prosjektet.

A-eigar er Stord kommune

Prosjektansvarleg: Rådmann Magnus Mjør, Stord kommune

Prosjektleiar: Gro Jensen Gjerde, Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Styringsgruppe: Samarbeidsrådet for Sunnhordland (ordførarar og rådmenn i regionen)

I møte 3. september 2015 vart det gjort vedtak i Samarbeidsrådet om organisering av arbeidet med kvar av strategiane. Møtebok ligg som vedlegg.

Evt. presisering av mål for prosjektet

Mål for prosjektet er Regionbyen Stord-lokomotiv for vekst og utvikling!

Det er ikkje gjort endringar i mål for prosjektet, men det kan verta gjort endring i delprosjekta der det kan vera behov for spissing.

Beskrivelse av aktivitetene fram til nå

INFORMASJON

Prosjektet har eiga side på nettsida til Samarbeidsrådet - www.samarbeidsraadet-sunnhordland.no

Strategi 1. SUNNHORDLAND-KRAFTSENTER FOR KLYNGEUTVIKLING

Ved å vidareutvikla eksisterande næringsliv, skapa nye møteplassar på tvers i bransjar og i mellom ulike bransjar skal innovasjon og nytenking sikra eksisterande arbeidsplassar og utvikla nye.

Det er prioritert seks tiltak under denne strategien.

Aktivitetar fram til no:

MARKLYNGE

Opptakten til matklynga starta våren 2015. Klynga starta med ti bedrifter frå serverings/reiselivsbedrifter i regionen. Hausten 2015 utarbeidde bedriftene ein strategi og handlingsplan for vidare satsing i klynga. Målet er å mobilisera bedrifter / produsentar i Sunnhordland til å sjå moglegheiter for produktutvikling ved å nytta lokale råvarer. Gjennom arbeidet i klynga skal deltakarane arbeida med å formidla kunnskap om lokale råvarer og dei økonomiske og konkurransefortrinn dette kan utgjera for bedriftene. I tillegg skal arbeidet ha fokus på kompetanse og å fremja bruk av lokale råvarer til å styrke konkurransevne, nyskaping og utvikling.

Det har også vore ei samling med produsentar i regionen for å få til eit samarbeid om produkt og produktutvikling og for å få fleire bedrifter med inn i klynga.

Delprosjektleiar Gro Jensen Gjerde, Samarbeidsrådet for Sunnhordland

REISELIV

Det er gjennomført eit forprosjekt for å sjå på eit auka samarbeid mellom reiselivsbedrifter med fokus på kyst. Dette er i samarbeid med Bergen reiselivslag og to andre destinasjonar langs kysten i Hordaland. Dette prosjektet er finansiert av Hordaland fylkeskommune. Gjennom Byregionprogrammet vil ein bygga vidare på å utvikla ei klynge av bedriftene som er aktuelle deltakarar frå Sunnhordland.

Delprosjektleiar Linn Terese Vinje, Samarbeidsrådet for Sunnhordland

INDUSTRI 1.

Ein prosjektplan for ei industriklynge mellom teknologibedrifter er under utarbeiding. Det er forventa oppstart våren 2016. Delprosjektleiar Astrid Kjellevold Steinsland, Atheno AS

INDUSTRI 2.

Fleire bedrifter i Kvinnherad, Odda og Jondal er 10 bedrifter i drøftingar for å etablere ei klynge innan maritim teknologi.

Ansvarleg: Emma Reigstad, Kvinnherad Næringservice.

KULTUR OG FESTIVAL

I Sunnhordland vert det i løpet av året arrangert eit utal kultur og musikkfestivalar. Feles for fleire av dei er at økonomi og ansvar er lagt til få personar og gjennomføringa vert gjort på dugnad. Fleire signaliserer at dei må organiserast som ein formell organisasjon.

Det er oppretta kontakt med festivalarrangørar, som er svært interessert i å arbeida tettare saman og at eit klyngesamarbeid kan vera aktuelt. Forventa oppstart april 2016.

Delprosjektleder Anne Synnøve Lønne, Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Strategi 2. DEN TETTE BYEN

Stord skal utviklast til eit attraktivt senter som det er lett å koma til og ifrå.

Delprosjektleder : Lovise Vestbøstad, Stord kommune

Det er prioritert fire tiltak under denne strategien.

Aktivitetar fram til no:

SENTRUM

Det er under utarbeiding ein prosjekt/ handlingsplan for ein mulighetsstudie for sentrumsutvikling av Leirvik. Denne vil danne grunnlag for vidare prioriteringar for utvikling av Leirvik sentrum.

Målsetjinga er ein kommunedelplan for sentrumsutvikling.

SAMFERDSLE

Hordaland fylkeskommune har lagt fram eit framlegg til ein ny kollektivplan for Sunnhordland.

Denne vart ikkje godkjent politisk i Hordaland. Kommunane i Sunnhordland må engasjere seg i å få dennebetre, jamf. tiltak i BYR prosjektet.

BUSSEN I SUNNHORDLANDSBASSENGET/BEREKRAFTIG BYBANE PÅ SJØ

Sunnhordlandsbassenget må reduserast som barriere og igjen etablerast sin ei viktig transportåre.

Det må tenkjast nytt i høve til sjøtransport. Snøggbåten bør bli "Bussen i Sunnhordland" og sjøtransporten må knytast opp mot terminalar i sentrumsområda. I dette arbeidet vert og tiltaket "Berekraftig bybane på sjø" inkludert. Sak opp i Samarbeidsrådet i februar 2016. Vedtak her vert plan for vidare arbeid.

Strategi 3. SAMAN ER ME STERKE

Ved å utvikla tette samarbeidsarenaer skal regionen vidare utviklast til å verta attraktiv for nye innbyggjarar og for dei som alt bur her.

Delprosjektleder Anne Synnøve Lønne, Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Det er prioritert seks tiltak under denne strategien. Aktivitetar fram til no:

AMBASSADØR OG SUNNHORDLANDSTREFF

Ambassadørtreff har vore ein møteplass mellom kommunar og næringsliv i forkant av Sunnhordlandstreffa , som er eit arrangement for å rekruttera studentar tilbake til regionen.

Situasjonen i næringslivet har endra seg ved at det er oppseiingar og permitteringar i industrien i regionen. Difor var tema på både ambassadørtreff og Sunnhordlandstreffet i desember 2015 situasjonen i næringslivet og dei framtidsmoglegheitane som ein forventar vil koma. Det var difor viktig å formidla ei tru på framtida. På dette treffet var til saman 150 deltakarar frå næringsliv, kommunar og studentar.

VIDAREUTVIKLA BUISUNNHORDLAND

Det har i heile perioden vore arbeid med ei vidareutvikling av Buisunnhordland.

Arbeidet har gått på å involvere fleire bedrifter og å forbetra kommunikasjonen ut slik at fleire vert

kjent med dei mogleheitene og dei kvalitetane ein finn i Sunnhordland

FEIRA DET ME FÅR TIL

Omdømmefilmen "Kor vil du bu" vann i oktober ein pris i regi av Cannes Corporate media &TV awards. Festivalen er størst i Europa og nest størst i verden. Dette syner at deler av arbeidet når langt! Eit av tiltaka i Byregionprogrammet er at regionen må bli flinkare til å feira det med får til. Det har me ikkje gjort!

OMDØMME-SKAPA GODE BARNDOMSMINNER

Dette er ikkje ein eigen strategi, men er prioritert som eit hovudtiltak med fire satsingsområder. Det er representantar frå ungdomsråda som har prioritert dette satsingsområda. Ungdomsråda skal vera aktive i gjennomføringa. Dei er nett valde, så dette arbeidet vil ha oppstart hausten 2016.

Strategi 4. KOMPETANSEREGIONEN

Behalda og utvikla kompetansen i regionen.

I arbeidet med byregionprogrammet er det prioritert å arbeida for fleksible løysingar, som vidareutvikling av den kompetansen som er i bedriftene tilpassa den omstillinga som kjemi høve til manglande ordretilgang i offshoreindustrien. Det er ikkje rekruttert delprosjektlear

Det er prioritert 5 tiltak under denne strategien.

1. HØHSKULEN STORD-HAUGESUND (HSH)

Høgskulen Stord- Haugesund er ein svært viktig kompetanseleverandør, og eit av tiltaka er å sikra Høgskulen Stord- Haugesund (HSH) sin posisjon ved høgskulereforma.

Politisk miljø og andre Sunnhordland har vore tydlege på at HSH ved ein fusjon må ha lokal leiing. Det vart ikkje oppnådd ved forhandlingar med Stavanger og fusjonsplanar var broten. No er HSH i fusjonsforhandlingar med høgskulane i Bergen og Sogn.

2. UTDANNINGSRØYRET

Hjørnesteinsbedriftene på Stord tok i 2012 eit initiativ for å få fagarbeidarar til å ta teknisk fagskule. Det vart oppretta eit tilbod der dei tilsette kan bevega seg mellom jobb og utdanning i ein rotasjon på ei veke studie og tre veker jobb. Tilbodet skulle og gjevast til personar i bedrifter i heile regionen. Dette har ein ikkje heilt fått til, så dette arbeidet må ha fokus slik at tilbodet vert sentralt for å halda på og utvikla kompetansen i regionen. Søknad om delfinansiering mellom bedrifter og Hordaland fylkeskommune er under utarbeiding.

3. MULIGHETSARENA

Gjennom byregionprogrammet er det under planlegging ein «Mulighetsarena» for arbeidsledige og permitterte. Arrangementet skal vera 23. februar og er i samarbeid med blant anna NAV, Høgskulen Stord Haugesund og næringsforeningar. Her vil bedrifter og kommunar som har behov for arbeidsrakarar presentera seg og det vert innlegg om moglegheiter for vidareutdanning. Dette tiltaket fell og inn under strategien «Saman er me sterke»

Vurdering av framdriften i arbeidet i forhold til prosjektplanen

Strategiar og tiltak danna grunnlag for søknad til fase 2. Nokre av tiltaka er starta opp, andre må ha ein seinare oppstart. Framdrifta ligg nokre månadar etter prosjektplan, sidan oppstart av prosjekta var seinare enn forventa.

Hordaland fylkeskommune har løyvd kr. 410 000 til å delfinansiera prosjektet for 2015.